

Detaljregulering Litldalen- Sunndalsøra

Oppdragsgjevar

Oppdrag

Rapport type

Prosjektnr.

Dato

Veidekke Industri AS


Detaljregulering for grustak i Litldalen

Planomtale med konsekvensvurdering

15174

Utarbeidet av Nordplan 23.12.2016 rev. 15.06.2019,
Plan vedtatt 28.08.2019, driftstider vedtatt 12.12.2019

Planomtale med
konsekvensvurdering



Veidekke Industri AS

Innhald:	side		side
1 Kort om planforslaget	4	4.7 Landbruk/skogbruk	18
1.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet	4	4.8 Teknisk og sosial infrastruktur	19
1.2 Samandrag	7	4.9 Barn og unge sine interesser	20
2 Plangrunnlag	8	4.10 Universell utforming	20
2.1 Eksisterande situasjon	8	4.11 Ureining	20
2.2 Plansituasjon	8	5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)	21
2.3 Analysar som arbeidet er basert på	10	5.1 Bakgrunn	21
3 Planprosessen	11	5.2 Skildring av analyseobjekt	21
3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet	11	5.3 Forholdet til overordna ROS-analyse	21
3.2 Vurdering etter <i>Forskrift om konsekvensutredninger</i> (KU forskriften) – Planprogram	11	5.4 Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar	21
3.3 Medverknad	11	5.5 Skredvurdering	27
3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel	11	5.6 Snøskred	29
3.5 Merknader i høyringsfasen	11	5.7 Elveflaum	29
4 Planområdet – eksisterande situasjon	14	5.8 Dambrot	29
4.1 Bruk av planområdet	14	5.9 Høgspenteledning	30
4.2 Kulturminne og kulturmiljø	14	5.10 Sårbar flora	31
4.3 Landskap	15	5.11 Sårbar fauna /fisk, verne- område og vassdrags-område	31
4.4 Lokalklima	16	5.12 Grunnvatn	31
4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar	17	5.13 Vind og nedbørsutsatt	31
4.6 Naturressursar	18	5.14 Støy	32
4.6.1 Grus som naturressurs	18	5.15 Støv	35
		5.16 Kulturmiljø	35
		5.17 Forholdet til naturmangfaldlova	36
		5.18 Grunnforhold	36
		5.19 Risikomatrise for planforslaget	37
		5.20 Oppsummering konkrete tiltak	37
		6 Skildring av planforslaget	38

6.1	Planlagt arealbruk	38	7.5.2	Verdi	64
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsfremål	38	7.5.3	Omfang og konsekvens	64
6.3	Plassering og utforming av tiltak	44	7.5.4	Avbøtende tiltak	64
6.4	Estetisk kvalitet	44	7.6	Forurensning - støv	65
6.5	Universell utforming i planforslaget	44	7.6.1	Støv	65
6.5.1	Konkrete krav til universell utforming/tilgjenge i planen	44	7.6.2	Vurdering	65
6.6	Omsynssoner	44	7.6.3	Avbøtende tiltak	65
6.7	Rekkefølgeføresegner	44	7.7	Forurensning - støy	67
6.8	Landbruksfagleg vurdering	45	7.7.1	Støy	67
6.9	Avrenning og oppfølgjande undersøkingar	45	7.7.2	Støykonsekvens fra grustaket:	67
6.10	Uttak av masse	45	7.7.3	Konklusjon:	68
6.11	Lokal og regional utvikling	46	7.7.4	Avbøtande tiltak	68
7	Konsekvensutredning	47	7.8	Sammenstilling av konsekvenser og avbøtende tiltak	69
7.1	Rammer for utredningsarbeidet	47	7.8.1	Tiltakshaver sin anbefaling og konklusjon	71
7.1.1	Metodikk	47	8	Verknader av planforslaget	72
7.1.2	Sammenligningsalternativet, o-alternativet	48	8.1	Overordna og overlappende planar	72
7.1.3	Utbyggingsalternativet	48	8.2	Staden sin karakter	72
7.1.4	Utredningstema fastsatt i planprogrammet	50	8.3	Kulturminne og -miljø, evt. verneverdi	72
7.2	Naturmiljø og vassdrag	51	8.4	Jordressursar/landbruk	72
7.2.1	Verdivurdering	51	8.5	Teknisk og sosial infrastruktur	72
7.2.2	Konsekvenser for o-alternativet	52	8.6	Universell tilgjenge	72
7.2.3	Konsekvenser ved utvidelse av masseuttaket	53	8.7	Interesse motsetnader	72
7.2.4	Oppsummering	53	8.8	Avveging av verknader	72
7.2.5	Avbøtende tiltak	54	9	Avsluttande kommentar	73
7.3	Virkning for hjortevilt	54	10	Metodikk i ROS-arbeidet	74
7.3.1	Verdi	54	10.1	Metode	74
7.3.2	Virkning og konsekvens	55	10.2	Vurderingskriteriar og akseptert risiko	74
7.3.3	Avbøtende tiltak	55	10.3	Risikomatrise	76
7.4	Landskapsbilde	56	11	Illustrasjon og snitt	77
7.4.1	Overordnet landskapsrom og influensområde	56	12	Vedlegg	79
7.4.2	o-alternativet – dagens situasjon	57			
7.4.3	Det visuelt omfang og konsekvens	58			
	Konsekvens	63			
7.4.4	Avbøtande tiltak	63			
7.5	Friluftsliv og fysisk aktivitet	64			
7.5.1	Området	64			

Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si detaljerte sjekkliste for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne sjekklista. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklista, samt slått saman nokre overskrifter og lagt til nokre få punkt.

For å få god lesbarheit på plankartet er det utarbeida 2 kart med ulike omsynssoner.

Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Veidekke Industri AS ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for utviding av eksisterande grustak i Litldalen.

Kontaktpersonar:

Kommunen: Berit Skjevling og Anne Guri Aase

Oppdragsgjevar: Jørund Reite og Gunnar Gjengstø

Nordplan AS: Arvid Tveit


Oppdraget er utført i perioden september 2015-juni 2019.

1 Kort om planforslaget


1.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet



Oversiktskart. Masseuttaket er lokalisert i Sunndal kommune. Kjelde: Norgeskart.no, Kartverket.



Masseuttaket er lokalisert sørvest for Sunndalsøra. Kjelde: Norgeskart.no, Kartverket.




Masseuttak i Litldalen. Dagens situasjon. Kjelde: Norgeskart.no, Kartverket.



Planavgrensing vist på grunnkartet av området.

Planområdet har eit samla areal på 705 dekar (daa). Arealet som er omfatta av denne detaljreguleringa er lokalisert i Litldalen, ca. 2,5 km sørvest for Sunndalsøra. Plangrense i ny detaljreguleringsplan vil samsvare med plangrense i gjeldande reguleringsplan.



Planavgrensing vist på flyfoto av området.


1.2 Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare drift av masseuttaket og etablering av næringsområde. Området er i dag omfatta av gjeldande reguleringsplan «Litldalen-grustak», vedteken 08.04.1999. Prosjektet sitt hovudmål er å tilrettelegge for eit masseuttak. Ein ønskjer å utvide området som er regulert til grustak i eksisterande reguleringsplan. For området Stormælen, aust for Fv311, ønskjer ein å utvide området for utak av grus mot nord og aust. Regulert grustak på Hårstad, vest for Fv311, er ferdig utteke så der vil ein regulere etterbruken av området for næringsbygningar. For Stormælen vil tilpassing til landskap og opparbeiding for etterbruk til landbruk, skje i samanheng for heile området.

Veidekke har behov for å legge tilhøva til rette for vidare drift av området og samstundes oppnå gode heilskaplege løysingar i høve uttaksrekkjefølge, landskapstilpassing og etterbruk. Tiltakshavar ser det som naudsynt for verksemda si framtid i Litldalen at det tilgjengelege området for drift av masseuttaket vert utvida.

Etter 1. gongs offentleg ettersyn er planen endra slik at formålet «masseuttak» ligg utanfor området med skredfare over 1/100. For å erstatte dette arealet har ein i planen valt å utvide masseuttaket mot nordvest med 7 daa og nordaust med 5,6 daa, jf. fig. s.49.

Mogleg framtidig situasjon



Vedlagte kart viser forslag til ny arealbruk.

2 Plangrunnlag

2.1 Eksisterende situasjon

Vedlagte bilete viser det viktigaste ved arealbruken i dag.




Panoramabilde frå vest.



Eksisterande busetnad nord for planområdet.

2.2 Plansituasjon

Kommuneplanen sin arealdel ev. kommunedelplanar/temaplanar



Utsnitt av kommuneplanens arealdel, vedteken 10.08.2007.

Området er i kommuneplanens arealdel sett av til føremål grustak og LNF (landbruks-, natur- og friluftsmål). Skravert område er gjeldende reguleringsplan. Ønske om utviding av masseuttaket i framlegg til detaljreguleringsplan er såleis ikkje i samsvar med overordna plan.



Utsnitt frå kommuneplanen for Sunndalsøra 2015-2025, vedteken 02.09.2015.


Kommunedelplanen kjem inn på planområdet i nord. Dette området er regulert til LNF-formål.

Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar



Reguleringsplan «Litldalen – grustak», vedteken 08.04.1999.

Etterbruken av masseuttaket på Hårstad er industriformål.



Utsnitt av reguleringsplan «Litldalen nedre del», vedteken 18.12.1997.

Planen grensar til nytt planområde i sør.

Driftsplan

Det er utarbeida ein driftsplan for Hårstad og Stormælen i 2012. Den konkluderer med at førekomsten ved Hårstad er tømt i løpet av 5-7 år. For Stormælen vil uttaket finne stad i nordaustleg retning. Det er etablert ein vei for pallvis nedtrapping. Det er i tillegg etablert ein veg frå baksida til topp av pall for avdekking.

Knusing blir i dag utført med mobilt verk som etablerast ved behov.

Masseuttaket på Hårstad er avslutta og området er istandsett og skjeringar er revegetert.

2.3 Analysar som arbeidet er basert på

Analysar og utgreingar som ligg føre ved oppstart

«Risiko- og sårbarhetsanalyse for ras og flom i Sunndal», vedtatt av Sunndal kommunestyre 02.09.2015.

Dambruddsbølgeberegninger, Norconsult, 2009

Analysar som er gjort i samband med planarbeidet

Konsekvensutredning for naturmiljø, Rådgivende Biologer AS, 13.04.2016.

Vurdering av virkning for hjortevilt, Rådgivende Biologer AS, 15.06.2016.

Notat 160822, Støy frå pukkverk 2016, datert 22.08.2016, Veiteknisk institutt

Støv frå uttak og knusing av masse, Sweco, 28.01.2016, oppdatert 19.11.2018.

Støy frå uttak og knusing av masse, Sweco, 22.01.2016, oppdatert 16.11.2018.

Støvnedfallsmålinger, 29.06.2016 – 30.06.2017, Veiteknisk institutt

Skredfarevurdering ved grustak i Litldalen, Sunndal kommune, SGC/GeoFare, 01.04.2016.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Det vart halde eit oppstartsmøte i Sunndal kommune, 29.09.2015 om utarbeiding av ein detaljreguleringsplan for området i Litldalen.

Plannamn: «Detaljreguleringsplan for grustak i Litldalen».

Planid: 20150910.

- Detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

3.2 Vurdering etter *Forskrift om konsekvensutredninger (KU forskriften)* – Planprogram

Det følger av plan- og bygningsloven §12-3, tredje ledd at reguleringsplaner med vesentleg avvik frå overordnet plan gjelder krava i same lovs §4-1 og 4-2.

Heimlar for krav om planprogram er plan- og bygningslova §4-1, og §6 i forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2014-12-19-1726).

Det framgår av § 4-1 i plan- og bygningslova at for alle "... reguleringsplaner som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet".

Då dette vert å rekne som eit vedlegg 1-tiltak i forskrifta, er det arealkriteriet og samla uttak av massar (større volum enn 2 mill faste m³) som vil vere utslagsgjevande til at kravet til KU vert utløyst. Veidekke ønskjer å regulere for uttak av grusmassar som på sikt kjem opp i ein tonnasje som utløyser kravet til KU.

Tiltaket er ikkje i samsvar med kommuneplanens arealdel, og høyrer dermed også til dei tiltak som i medhald til forskrift om konsekvensutgreiing § 3 pkt d, skal vurderast etter forskrifta §4.

I og med at tiltaket, pga størrelsen, høyrer til dei tiltak som alltid skal behandlast etter forskrifta, kjem kriteriane i forskrifta §4 ikkje til nytte i dette tilfelle.

I samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova og § 2, 3 og 4 i forskrift om konsekvensutgreiing, vurderer forslagstillar at det vil vere krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

3.3 Medverknad

Varsel om oppstart:

Planen med planprogram vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Aura avis og Driva og brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 6 veker. Planarbeidet er også annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider.

Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev, datert 30.10.2015. Det er kome inn 8 innspel i annonseringsperioden. Desse er oppsummert og vurdert i eige skjema, datert 20.04.2016.

Det er gjennomført eit nabomøte 18. april 2016.

3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel

Kort samanfatta har ein teke med følgande innspel vidare i planarbeidet:

Vurdering av biologisk mangfald, støv, støy, vassdrag og avrenning, grunnvatn, skred, nær- og fjernverknad landskap, flaum og grunnvatn.

3.5 Merknader i høyringsfasen

Det kom inn 13 merknader til planen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Statens vegvesen kom med motsegn til planen.

Kort samanfatta har ein vurdert merknader etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn slik:

- Fastsetting av sikkerheitsklasse for dei ulike tiltaka i planen.

Det er ikkje naudsynt med dimensjonering av vollen som er vist i plankartet og skildra i bestemmelsene pkt. 7.2, då denne ikkje er meint som sikring mot steinsprang i høve sikkerheitsklassane.

Driftsperiode i masseuttaket i Litldalen er frå mars til november. Det er maks 2 personar som er i arbeid samtidig i masseuttaket. I uttaksområde er det ein person som køyrer inn og ut av dette området for å hente massar (kort opphaldstid innanfor fareområdet). Knuser og ferdigvare er plassert langt unna uttaksområdet (utanfor fareområdet).

Det vil normalt ikkje opphalde seg andre personar i området og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.

Vi vurderer utifrå desse forutsetningane at masseuttaket kjem inn under tryggleiksklasse S1.

- Endre planen slik at formålet «masseuttak» ligg utanfor området med skredfare over 1/100.
- Utforming av bestemmelsene slik at de blir entydige uten rom for skjønn

Bestemmelser er gjennomgått og stramma opp.

- Sikring mot avrenning til Litldalselva

Krav i føresegnene om sedimenteringsbasseng.

- Avklare og sikre trekktrutene for hjortevilt.

Avklart med naturforvalter i Sunndal Kommune Tarald Thorshov. Han meiner at det er svært få hjortevilt som trekker på denne sida av dalen. Masseuttaket vil ikkje vere til hinder for hjortedyra i området.

Omsynssone H560 i plankart med tilhøyrande bestemmelse, trekkroute på 50m mellom voll og fjell. Krav om at det i uttaksperioden skal vere viltpassasjer gjennom uttaket.

- Krav om konkrete avbøtende tiltak mot støv.

Verksemda følgjer krava i forureiningsforskrifta kapittel 30. Det er utplassert støvmålarar.

- Korleis vollen i område #2 skal utformes.

Denne er ikkje meint som eit tiltak i samband med steinsprangsikring.

- Nærmere krav om sikring av området.

Krav i føresegnene om at området skal sikrast med sikringsgjerde.

- Bredde på annen veggrunn.

Denne er endra til 7m i plankartet.

- Utforming av, antall avkjørsler og bestemmelser til disse gjennomgås på nytt.

Avkøyering til landbruksveg vert fjerna. Tilkomsten til området vert frå nord, SKV4. Avkøyrslar skal utformast etter handbok N100 og V121

- Justering av siktsonene.

Siktsonene er endra til 6m x 120m.

- Vurdere behov for turparkering.

Det er ikkje nødvendig med turparkering då dette ikkje er eit startområde for tur. Dei som nyttar området til turar startar frå Sunndalsøra i nord.

- Vurdere behov for byggegrenser.

Det er lagt inn byggegrense i formålsgrense til masseuttak.

- Vurdere muligheter for etappevis framdrift og istandsetting.

Vert vurdert i driftsplanen

- Vurdere driftstidene nærmere.

Driftstidene er stramma inn gjennom planprosessen. Etter vedtak i Sunndal kommunestyre er opplasting og transport ut av området kun mulig mandag-fredag 07-23 og lørdag 08-15. Uttak og knusing av masser er tillatt mandag-lørdag 07-23.

- Gjennomføring av støvmålingar.

Sjå vedlegg frå Veiteknisk Institutt.

- Redusere masseuttaket innanfor naturtype.

Masseuttaket er redusert i søraust for ikkje å gripe inn i naturtypen «sørvendte berg og rasmarkar».

4 Planområdet – eksisterende situasjon

Tiltaksområdet ligg i Litldalen i Sunndal Kommune. Litldalen ligger i sør-nord retning frå Sunndalsfjorden i nord og opp til Osvatnet (ca 900 moh) og fjellområdet i sør. Dalen er avgrensa av rette fjellsider på begge sider.

Gjennom dalen går fylkesvei 311 som er samband mellom Eikesdalen og Sunndal på sommarstid og innfallspport til fjellområdet for turistar og hyttefolk. På vinteren vert vegen halde open til Dalavatnet og Sandvatnet 5 km og 10 km lenger sør.

Uttaksområdet ligg ca 2 km frå krysset mellom riksvei 62 ved Sunndalsfjorden og fylkesvei 311.

Tiltaksområdet omfattar Hårstad på vestsida av elva og Stormælen på austsida. Dalbotnen i området ligg på høgde 25 – 45 moh.

Nærmaste bustader grensar til planområdet i nord. Sør for området ligg garden Hårstad ca. 500 meter lenger oppe i dalen.

Bustader nord og sør for området er godt skjerma mot uttaket ved terrengformasjon.

Langs vestsida av dalen går ei høgspenlinje eigd av Sunndal Kraftforsyning. Langs vestsida av dalen går Statnetts overføringslinje frå kraftstasjonen høgare oppe.

Hårstad grustak og Stormælen (Tredal) i munninga av Litldalen er lettaste tilgjengelege grusressursen i Sunndal Kommune, med omkring 1,8 mill m³ morenemassar innanfor gjeldande reguleringsplan.

4.1 Bruk av planområdet

Førekosten i Hårstad (gnr. 55, bnr. 1) er eigd av Ola Hårstad og området er no ferdig utteken av Veidekke. Førekosten i Stormælen (gnr. 53, bnr. 4) er eigd i fellesskap av Statkraft SF, Trædal Grus og Grete Marie Trædal, og drivast i dag av Veidekke. Det har vore drive uttak av massar i lang tid med varierende omfang. Veidekke overtok drifta av anlegga ved oppkjøp frå Nautvik knuseverk AS i 2005.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø



Sefrak-registrert bygg. Kjelde: Fylkesatlas.no.

Innanfor planområdet på vestsida av elva i nordre del av området er det kvernhus og gamle vegfar som ligg fint til i landskapet. Eit av kvernhusa «står» framleis, medan to eldre er registrert i SEFRAK.



Kvernhus på vestsida av elva.

4.3 Landskap


Litldalen har bratte fjellsider og i denne delen av dalen er det toppar på over 1200 m på vestsida og over 1600 m på austsida. Austsida har ei tilnærma vertikal fjellside, mens den er slakare på vestsida. I dalbotnen renn elva Litldalselva omtrent midt i planområdet.



Hellingsgrad 30 til 90 grader. Kjelde: Geodata Labs.

4.4 Lokalklima

Temperatur- og nedbørsnormal for 63420 Sunndalsøra III for perioden 1961 - 1990



Temperatur- og nedbørsnormalar frå Meteorologisk institutt. Nedbør- og temperaturdata er henta frå stasjon 63420 Sunndalsøra (10 m o.h.) som har vore i drift sidan 1954. Årsnormalen for nedbør har i løpet av denne perioden vore 961 mm i løpet av denne perioden. Årsnormalen for temperatur har vore 6,7 °C gjennom denne perioden.

Vindrose, frekvensfordeling av vind

Vindretning delt inn i sektorar på 30°

Frekvensfordeling av vindfart i prosent %

Vindfart (m/s)

- > 20.2
- 15.3–20.2
- 10.3–15.2
- 5.3–10.2
- 0.3–5.2

Stille (%)

6




År: 2000 - 2015

jan, feb, mar, des


Tidspunkt: 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23 (NMT)

63420 SUNNDALSØRA III




Frekvensfordeling av vindretning og vindstyrke for vintermånadane siste 15 år vist i eit vindrosediagram. Ser at dominerande vindretning er vind frå søraust. Kjelde: Meteorologisk institutt.

4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar



Gamle viltdata har avmerkt deler av Litldalen som beiteområde for hjort (brun skravering). I tillegg er en trekkveg (brun linje) markert på tvers av dalen rett sør for eksisterende grustak. Kartgrunnlag er hentet frå <http://www.gislink.no/Kart/Index.html?Viewer=gislink>.



Naturtype : Sørvendte berg og rasmarker

Verdi: Viktig

Området blir verdsatt til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik rasmark og edellauvskog utan spesielle funn. Lokaliteten burde ha potensiale for kravfulle insektarter.

Lokaliteten ligger på austsida av Litldalen rett overfor Hårstad, sør for noverande grustak.

Forholdet til Natumangfoldlova er drøfta vidare i kapittel 5 - ROS-analyse.


4.6 Naturressursar

4.6.1 Grus som naturressurs

NGU (Norges geologiske undersøkinger) har klassifisert Noreg sine førekomstane i Grus og Pukk-databasen som lite viktig, viktig, regionalt viktig og nasjonalt viktig.

Grustaket Drihjellen i Litldalen vert klassifisert som regionalt viktig.

Eit mål i forvaltninga av grus- og pukkførekomstane er å sikre tilgangen til desse ressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar vert bandlagde av arealbruk som hindrar framtidig utnytting. For å gje eit fagleg grunnlag for kommunen si handsaming av grus og pukk i arealplanarbeidet, har NGU vurdert førekomstane og føretatt ei klassifisering etter kor viktige dei er i forsyninga av byggeråstoff.




 NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE - NGU -	GRUSDATA-BASEN	Sunndal (1563) kommune, Møre og Romsdal fylke Forekomst 1563-033 Drihjellen
Avsetning:	Breelavsetning	<i>Meget stor breelvtterasse bygd til om lag 123 moh. på det høyeste nivået. Det avgrensede arealet omfatter også en erosjons-elveterrasse på om lag 75 moh. I de sentrale deler i tilknytning til det</i>
Materiale:	Sand og grus	
Form:	Terrasse	

		<i>planlagte massetaket har en meget store sand og grusmektigheter (muligens helt opp mot 60-70 meter) slik det avdekte areal indikerer. Materialet blir meget grovt (steinig og blokkig) mot toppen av terrassen og Vegvesenets masseuttak ble av den grunn stanset. I 2007 er imidlertid aktiviteten i gang. Store deler av forekomsten er allerede utnyttet, men det ligger sannsynligvis gode ressurser under dyrkamarka i den nordlige del av forekomsten.</i>
Verksemd:	Grustak	
Sist oppdatert:	25.nov.2015	
Drivar:	Veidekke AS	
Viktighet:	Regionalt viktig	

Informasjon frå NGU sin Grus- og Pukkdatabase for Massetak 1- Drihjellen (www.ngu.no)

4.7 Landbruk/skogbruk

Nord for masseuttaket i Stormælen ligg eit areal på ca. 34 daa med dyrka mark.



Jordbruksareal og skogbonitet. Kjelde: Skog og landskap.

4.8 Teknisk og sosial infrastruktur

Trafikkforhold

Fylkesvegen har fartsgrense 80 km/t. ÅDT er 310.

Det er i dag 6 avkøyringer frå fylkesvegen innanfor planområdet. Ein avkøyring til kommunalt deponi, to til Hårstad, to til Stormælen og ein til dyrkamark nord for Stormælen.

Det er ikkje etablert parkeringsplassar langs med fylkesvegen.

Ulykkessituasjon

Det er ikkje registrert ulukker innanfor planområdet (jf. Nasjonal vegdatabank, NVDB).

Vatn- avløp

Det er innlagt vatn til kontor-/lunsjbygg, som vert pumpa opp frå elva. Det er etablert ein septiktank i tilknytning til dette bygget.

I den store hallen er det ikkje innlagt vatn eller avløp.



Bygg som ligg nord for masseuttaket på Hårstad.

Høgspenlinjer, ledningar i grunnen og trafostasjonar

Det går to høgspenleidingar gjennom området. Begge i nord/sør retning, i vest 132 kV (Statnett) og ein i aust på 22 kV (Sunndal Energi AS). Det er etablert ein trafostasjon ved masseuttaket på Hårstad.



Trafo ved Hårstad.

Offentlege servicetilbod

Offentleg servicetilbod er lokalisert i tettstaden Sunndalsøra, om lag 3 km nord for planområdet.

4.9 Barn og unge sine interesser

Delar av planområdet er i dag etablert som masseuttak og dermed uaktuell som opphaldsstad for barn. På den nordligaste delen av den dyrka marka ligg det utstyr etter paintball-aktivitet.

4.10 Universell utforming

Det er ingen særskild tilrettelegging pr. i dag.

I regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne finn vi følgjande definisjon og forklaring av universell utforming:

“Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler.

Dette inkluderer funksjonsnedsettelse knyttet til syn, hørsel, bevegelse, forståelse og følsomhet for miljøpåvirkning (astma- /allergi).”

Byggeområde og trafikkområde uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Vegar, uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg lett fram.

4.11 Ureining

Støyforhold

Det er støy frå masseuttak og trafikk. Dette er vurdert i eigen rapport og i ROS-analysen.

Luftureining

Det er støv frå masseuttak og trafikk. Dette er vurdert i eigen rapport og i ROS-analysen.

Ureina grunn

Ikkje ureina grunn innanfor planområdet.

5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

5.1 Bakgrunn

I samsvar med ny plan- og bygningslov § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse er det vurdert alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om planområdet er eigna til arealbruksføremåla og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko. Meir om metodikken for ROS-arbeidet er utgreidd i kapittel 10.

5.2 Skildring av analyseobjekt

Undersøkingssområdet består av eit grustak i Litldalen i Sunndal kommune. Litldalen er ein dal som går N/S og grustaket ligg på begge sider av dalen. I det vestre grustaket er dei ferdig med å henta ut massar og her er det planar om å setja opp næringsbygg. Det austre grustaket skal utvidast, hovudsakleg mot aust.

5.3 Forholdet til overordna ROS-analyse

Det er utarbeida ei ROS-analyse for kommunedelplanen for Sunndalsøra, vedteken 02.09.2015.

5.4 Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i følgjande tabell. Alle punkt i sjekklista er vurdert. Risiko = Sannsyn x Konsekvens. Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no- situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

Tabell 2 Analyseskjema

ANALYSE							
Uønska hending	Kons <u>f</u> ør planen	Kons <u>a</u> v planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Sjekkliste:							
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flo/brann							
1. Steinsprang	JA	JA	3/1	5/5	15/5	Steinsprang er dimensjonerande skredtype. SGC Geofare AS anbefalar uansett at det vert sett opp ein minimum 2 m høg voll om lag 5 m frå foten til fjellsida for å sikre heile flata for utbyggingsarealet vest for elva. Maskiner skal ikkje inn i område med skredfare over 1/100.	SGC Geofare AS
2. Grunnforhold. Masseutgliding	NEI	JA	/2	/4	/8	Kan vere marine avsetningar i grunnen.	NVE. NGL.
3. Snøskred	JA	JA	3/3	2/2	6/6	Ikkje er fare for (registrert) snøskred ned mot næringsarealet i vest, men det er registrert skred nordvest i planområdet, jf. fig. 12 i skredrapport.	SGC Geofare AS
4. Dambrot	JA	JA	1/1	5/3	5/3	Ev. dambrudd vil ramme området Litldalen/Tredalen/ Håsøran. Sårbare Samfunnsfunksjoner som brann-/ambulansestasjon, sykehjem osv. skal ikke plasseres i dette området.	Kommunedelplan Sunndalsøra, Norconsult, Dambruddsbølgeberegninger, datert 22.01.2010.
5. Elveflaum	JA	JA	4/1	4/4	16/4	Flaum frå Litldalselva. Før byggetillatelse kan gis må det føreleggja undersøkelse som viser at det oppnås tilfredsstillande sikkerheit mot 200-årsflaum.	Norconsult, Dambruddsbølgeberegninger, datert 22.01.2010.

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
							Kommunedelplan Sunnalsøra
6. Overflatevatn/klimaendr. Nedbørutsett	NEI	NEI					
7. Skogbrann (større/farlig)	NEI	NEI					
Vær, vindeksponering							
8. Vindutsette område(Ekstremvær, storm og orkan)	JA	JA	3/3	2/1	6/3	Sterk vind er tilstade i Litldalen, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området. Gode dreneringssystem for overvatn. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.	
Natur- og kulturområder	http://www.miljostatus.no/kart/						
9. Sårbar flora	JA	JA	3/3	1/1	3/3	Alm og Kviturle.	«Konsekvensutredning for naturmiljø» Rådgivende Biologer AS
10. Forholdet til naturmangfaldlova	JA	JA	3/3	2/2	6/6	Avbøtande tiltak for å avgrensa skader på naturmangfaldet.	«Konsekvensutredning for naturmiljø» Rådgivende Biologer AS
11. Sårbar fauna /fisk, verne- område og vassdrags- område	JA	JA	3/3	1/3	3/9	Naturtype Sørvendt berg- og rasmarker. Naturtype Elveløp, Litldalselva. Ål.	«Konsekvensutredning for naturmiljø» Rådgivende Biologer AS
12. Fornminne (Automatisk freda)	NEI	NEI					
13. Kulturminne/-miljø	NEI	NEI				Kvernhus langs elva. Ikkje berørt.	Askeladden.
14. Grunnvasstand	JA	JA	3/3	1/2	3/6		«Konsekvensutredning for naturmiljø» Rådgivende Biologer AS

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Menneskeskapte forhold							
Risikofylt industri mm.							
15. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslepp på land og sjø)	NEI	NEI					
16. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	NEI	NEI					
Strategiske område							
17. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	NEI	NEI					
18. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	NEI	NEI					
19. Svikt i fjernvarme	NEI	NEI					
20. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassforsyning)	NEI	NEI					
21. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	NEI	NEI					
22. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	NEI	NEI					
23. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	NEI	NEI					

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
24. Brann (med større konsekvensar)	NEI	NEI					
25. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	NEI	NEI					
Andre ureiningskjelder							
26. Bustadureining	NEI	NEI					
27. Landbruksureining	NEI	NEI					
28. Akutt ureining	NEI	NEI					
29. Støv og støy; trafikk	JA	JA	5/5	2/2	10/10	Støy og støv frå trafikk/vegane frå Fv.	Sweco.
30. Støv og støy; masseuttak	JA	JA	5/5	2/2	10/10	Støy og støv frå masseuttak.	Sweco.
31. Støy; andre kjelder	NEI	NEI					
32. Ureining i sjø/vassdrag	NEI	NEI					
33. Ureining i grunn	NEI	NEI					
34. Radongass	NEI	NEI					
35. Høgspenline	JA	JA	3/3	2/2	6/6	Høgspenline Byggeforbudsone ligg utanfor byggeområde.	
Trafikktryggleik							
36. Ulykke med farlig gods	NEI	NEI					
37. Ulykke ved inn,- og utkøyring.	NEI	NEI					
38. Ulykke med gåande/syklande	NEI	NEI					
39. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	NEI	NEI					

ANALYSE							
Uønska hending	Kons <u>f</u> ør planen	Kons <u>a</u> v planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Beredskap							
40. Sløkkevasskapasitet	NEI	JA	/1	/3	/3	Slokkevatn frå pumper i elva er løysinga i dag. Tilrettelegging av brannhydrant ved etablering av næringsareal.	Tekninsk sjef Sunndal kommune.
41. Tilkomst for utrykningskøyretøy	NEI	NEI				God tilkomstveg.	Tekninsk sjef Sunndal kommune.
42. Brannsmitte	NEI	NEI				Lite smittefare under normale forhold, men ved sterk vind til evt. nærliggende vegetasjon og mulig spredning derfra.	Tekninsk sjef Sunndal kommune.

5.5 Skredvurdering

Sannsyn og konsekvensar for skred

TEK10 § 7.3

“1. Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.

2. For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides.”

Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
S1	liten	1/100
S2	middels	1/1000
S3	stor	1/5000


TEK 10: Sikkerheitsklassar ved plassering av byggverk i skredfareområde

Sikkerheitsklasse S1 omfattar tiltak der eit skred vil ha liten konsekvens. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personar og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er mindre garasjar, båtnaust, boder, lagerskur med lite personopphald og mindre kaier for sport og fritid.

Sikkerheitsklasse S2 omfattar tiltak der eit skred vil føre til middels konsekvensar. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis maksimum 25 personar og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einbustad, tomannsbustad, fritidsbustad med inntil to bu-einingar, små bygg for næringsdrift, mindre driftsbygg i landbruket, samt mindre kaier og hamneanlegg. For bygg som inngår i

sikkerheitsklasse 2 kan kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal reduserast til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S1 (1/100). Dette fordi eksponeringstida for personar og dermed faren for liv og helse normalt vil vere vesentlig lågare utanfor bygga.

Sikkerheitsklasse S3 omfattar tiltak der konsekvensen av ein skredhending er stor. I dette ligg det til dømes byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis over 25 personar og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einbustader i kjede/rekkehus med 10 einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggjar, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehagar, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingsstadar og publikumsbygg. For bygg som inngår i sikkerheitsklasse S3 kan det vurderast å redusere kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S2 (1/1000), dersom dette vil gje tilfredsstillande sikkerheit for tilhøyrande uteareal.



Dimensjonerende faresonekart for det undersøkte området. Kjelde: SGC

Byggeområde i vest: Steinsprang er dimensjonerende skredtype i store delar av det undersøkte området. Ved grustaket i vest, der det er planlagt næringsbygg, er steinsprang med høgste nominelle årlege sannsyn på 1/1000 og 1/5000 tolka å nå eit stykke utpå flata. Dersom bygningane skal plasserast innanfor gjeldande faresone er det krav om sikringstiltak. Enkelte stadar i planområdet er det laga vollar for arbeidssikring som vil stoppa steinsprang med høgste nominelle årlege sannsyn på 1/100.

Masseuttak i aust: Faresonekartet viser at området der det er tenkt masseuttak imøtekjem kravet til sikkerheitsklasse 1. Vi har vurdert tryggleiksklasse i område jf. TEK10:

Driftsperiode i masseuttaket i Litldalen er frå mars til november. Det er maks 2 personar som er i arbeid samtidig i masseuttaket. I uttaksområde er det ein person som køyrer inn og ut av dette området for å hente massar (kort opphaldstid innanfor fareområdet). Knuser og ferdigvare er plassert langt unna uttaksområdet (utanfor fareområdet).

Det vil normalt ikkje opphalde seg andre personar i området og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.

Vi vurderer utifrå desse forutsetningane at masseuttaket kjem inn under tryggleiksklasse S1.

Sikringstiltak:

Masseuttak: utarbeida faresonekart er vurdert ut frå dagens situasjon, og ein kan ta ut massar inntil faresone S1 utan at det er fare for steinsprang oftare enn årleg sannsyn på 1/100.

Regulert område for masseuttak går inn til grensa for steinsprang oftare enn årleg sannsyn på 1/100. Det er derfor ikkje nødvendig med sikringstiltak for skred, for dei som jobbar i området.

Næringsareal: For at ein skal kunne etablere eit næringsareal i samsvar med forslag til plan, må ein gjennomføre sikringstiltak får å oppnå tilstrekkeleg tryggleik.

Hending er vurdert til å vere sannsynleg, med alvorleg/katastrofal konsekvens.

Tiltak

Innanfor føresegnområde #3 i plankartet skal det etablerast ein minimum 2 m høg voll om lag 5 m frå foten til fjellsida for å sikre heile flata. Jf. 2.2 d og 7.3 i føresegnene.

Omsynssoner i planen

I plankartet er faresonene lagt inn som omsynssoner H310_, i samsvar med utarbeida rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS, med tilhøyrande føresegnar. Jf. pkt. 6.3 i føresegnene.

5.6 Snøskred

Ikkje er fare for (registrert) snøskred ned mot næringsarealet i vest, men det er registrert skred nordvest i planområdet, jf. fig. 12 i skredrapport.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg, med ein mindre alvorleg/ ein viss fare.

Ikkje krav om tiltak i føresegnene, då dette er utanfor byggeområdet.

Eit brot på desse dammane vil medføre erosjonsskade langs Litldalselva og erosjon- og overflaumingskader ved områda Sjølseng og Tredal.

5.7 Elveflaum

Det finns ingen berekningar av 200-års flaumsone for Litldalselva. Statkraft har i samband med dambrotsbølgeberekningar fått utarbeida eit grovt kart for 1000-årsflaum. På den bakgrunn er det valt å ikkje analysere nærmare hendelsen for 200-årsflaum i Litldalselva.

Flomberegningene for Driva viser at vannstanden ved en 1000-årsflom er 0,1-0,6 m høgare ved en 1000-årsflaum enn ein 200-årsflaum.

Hending er vurdert til å vera mykje sannsynleg, med alvorleg konsekvens.

Omsynssoner i planen

Med omsyn til flaum vert det etablert ei omsynssone H320_1 i plankartet med tilhøyrande føresegnar, som samsvarar med flaumsone for ein 1000-års flaum. Ved profil 3,92 vil det være 40.5 moh.

Forslag til tiltak: Det må ikkje oppførast bygg under kote 40,5m. Bygging kan tillatast dersom det vert bygd med vasstett konstruksjon eller dimensjonar og konstruksjon som tåler belastninga, så ein unngår skadar.


Flaumfare frå Litldalselva skal vurderast før ein kan gje igangsettingstillatelse til nye bygg for personopphald eller utviding av eksisterande bygg.

Ved plan- og byggesaksarbeid anbefalast det å nytte 1000-års flaumsonekartet. Jf. 6.4 i føresegnene.

5.8 Dambrot

I Sunndal kommune er det utarbeida dambrotsbølgeberekningar med tilhøyrande kart for dammane Holbu, Osbu og Reinsvatn.

Dambrot frå Osbuvatn er dimensjonerande for området, som vist på figuren under.



Dambrotsbølgeberegning. Kjelde: Norconsult.

Norske dammer er blant de sikreste i verden. Det har aldri vært større dambrudd i Norge med fatale konsekvenser. Alle dameiere er pålagt å utarbeide varslings- og beredskapsplaner.

Sannsynligheten for et dambrudd er svært liten, langt under grensen for sannsynlighetsgrad "Lite sannsynlig". Og skulle det skje, er sannsynligheten svært stor for at dameier oppdager at bruddet er i utvikling lenge før bruddet utvikler seg. På den måten vil evakueringstiden etter all sannsynlighet bli dager og ikke 1-2 timer.

Befolkningsvarslings via SMS og telefon.

Overvåkning og tilsyn.

Sårbare samfunnsfunksjoner som brannambulansestasjon, sykehjem osv. skal ikke plasseres i område for dambruddssone.

Hending er vurdert til å vere lite sannsynleg, med farleg/svært alvorleg konsekvens.

Omsynssoner i planen

Med omsyn til dambrot vert det etablert ei omsynssone H320_2 i plankartet med tilhøyrande føresegnar. Ved profil 3,92 vil det være 45.8 moh.

Samfunnsfunksjoner som brann-/ambulansestasjon, sykehjem osv. skal ikke plasseres i dette området. Jf. 6.4 i føresegnene.

5.9 Høgspenteledning

Det går to høgspenteleidningar gjennom området. Begge i nord/sør retning, i vest 132kV (Statnett) og ein i aust på 22kV (Sunndal Energi AS). Det er fare for stråling. Omsynssone med byggeforbod 50m (132kV) frå ytterste fase (linjetråd), dvs. totalt 130m. Omsynssone med byggeforbod 6m (22kV) frå ytterste fase (linjetråd), dvs. totalt 16m.

Omsynssone/føresegnar i planen.

I planen skal det leggst inn omsynssoner og føresegnar med tanke på stråling. Jf. 6.5 i føresegnene.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ein mindre alvorleg konsekvens.

5.10 Sårbar flora

Rauddlisteart alm (VU) og kvitkurle (NT) er begge påvist innanfor avgrensa naturtypelokalitet søraust i planområdet. Ikkje krav om tiltak i føresegnene.

Hending er vurdert til å vera mykje sannsynleg, med betydeleg konsekvens.

5.11 Sårbar fauna /fisk, verne- område og vassdrags-område

Nordlige del av naturtypen sørvendte berg og rasmarker, vil bli direkte berørt av foreslått utviding av massetaket. Foreslått utviding av grustaket i Stormælen ventes å ha liten innvirkning på vannkvaliteten i Litldals-elva, som er anadrom i dette området. Det kan forventes noe avrenning av steinpartikler og kjemikalier fra grustaket, tilsvarende situasjonen ved dagens driftsform. Den negative virkningen på fisk og andre ferskvannsarter er begrenset, siden det ikke foretas sprengningsarbeider. Steinpartiklene som slippes til vassdraget vil være naturlig avrundete, og dermed ikke avvike fra vanlig elvetransportert finmateriale. Det er lite sannsynlig at utslippsvolument når et slikt omfang at tilslamming vil medføre redusert vanngjennomstrømming i nærliggende gytegroper for laksefisk. Kjelde: Rådgivende Biologer AS.

Jf. 1.1 a i føresegnene.

Hending er vurdert til å vera mykje sannsynleg, med betydeleg konsekvens.

5.12 Grunnvatn

«Grunnvannsdata-basen viser et «antatt betydelig grunnvannspotensial» knyttet til de store løsavsetningene i dalbunnen langs nedre del av Litldalen, inkludert uttaksområdene på Stormælen og Hårstad. Litldalselva synes tydelig påvirket av grunnvannstilslutning og har en relativt god vintervannføring. Ved ytterligere uttak av løsmasser må det påregnes tilsvarende reduksjon i grunnvannsforekomster i grustakets nærrområder. Den planlagte utviding av grustaket i Stormælen ventes å få liten innvirkning på grunnvannsstanden ved

boligområdene i Litldalsvegen og Tredalsbotnen, nord for masseuttaket» Rådgivende Biologer AS.

Ikkje krav om tiltak i føresegnene.

Hending er vurdert til å vere sannsynleg, med mindre alvorleg konsekvens.

5.13 Vind og nedbørsutsatt

Vestlandskysten er svært utsett for vår og vind, og været fører årleg til store skader på materielle verdiar.

Det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida når bygg og viktig infrastruktur skal utarbeidast.

Vi vurderer at endring av terreng (uttak av massar) ikkje vil ha betydning for dei dominerande vindretningane. Dei er styrt av større forhold og vil ikkje endre seg, og at retninga på dalføret har mykje å sei for sjølve vindretningane.

Terrenget/vollen nord for uttaket fungerer truleg som ein vindskjerm for bustadane i nord. Kor mykje vollen skjermar bustadane mot vind og korleis denne skjerminga endrar seg med utviding av uttaket er vanskeleg å sei. Antakeleg vil det terrenget som blir ståande igjen mellom uttaket og bustadane i nord fortsatt fungere som vindskjerm.

Sterk vind vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko.

Årleg nedbør vert forventa å auke med 20% fram mot 2100. Vinternedbøren kan auke med heile 40% på Vestlandet. Hyppige periodar med ekstremnedbør og høgare nedbørsintensitet (meir enn 70 mm på under ein time) gjev større risiko for flaumar i mindre vassdrag og bekkar.

Det er planlagt ny utbygging der tiltak vil medføre lukking av store flater.

Eit våtare og mildare klima kombinert med slagregn vil auke sjansen for bygningsskadar, særleg på sørvende delar av bygningar.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

Tiltak:

Avløpssystem og evt. naturlege dreneringssystem som vert oppretthaldne skal kunne takle ekstremnedbør på 140 mm i løpet av 24 timar.

